



Naturvernforbundet i Orklaregionen

Styrets årsmelding 2020. Årsmøtet 04.03.21

GODT HÅP FOR NEI TIL NY VINDKRAFT

- NVE avslo søknad om utsett frist for å ha anlegget i Remmafjellet ferdig. Etter Stortingets vedtak skal det godt gjerast at Olje- og Energidepartementet gjer om avslaget.
- Svarthammaren er til behandling i NVE, men etter klårt vedtak mot konsesjon i gamle Snillfjord, reknar vi med nei frå NVE.
- Forsvarsbygg har gått mot vindkraft på Remmafjellet og Svarthammaren på grunn av Ørland flystasjon og radaranlegg i Lensvik.
- Fred Olsen har nok merka seg motstanden, og har enno ikkje søkt i Ilfjellet/ Grefstadjellet.
- Naturvernforbundet i Trøndelag gav innspel til EU-kommisjonen om kvifor vindkraft ikkje kan bli karakterisert som grønt i «[taksonomien](#)»
- I 2021 vil vi arbeide for å tilbakeregulere områda på Svarthammaren og Remmafjellet frå vindkraft til LNF (Landbruk, Natur og Friluftsliv)

Vellukka slåttedag på Bjørndalen, 23.08

Naturvernforbundet og Grytdalens venner arrangerte slåttedag på Bjørndalen fjellgard for sjette gong. Det var 24 som var med på ein litt regntung dag. Slåtteenga er viktig for mangfaldet av liv, både plantar, sopp, insekt, fuglar og andre dyr, men slike areal har gått kraftig tilbake, og er raudlista. Ny slåttedag sannsynlegvis 22.08.2021.

Vi har planlagt utviding av skjøtselen saman med kommunen og ein gardbrukar. 22.08.21 møter du kanskje ivrige geiter som ryddemannskap.



SONGLI OG GRYTDALEN

Grytdalens venner, Naturvernforbundet i Orklaregionen og Jeger og Fisk Orkla og Sør Trøndelag driv anlegget. Johan Randahl er Naturvernforbundets representant i styret i Songli eiendom AS.

Leige Songli?

Info: www.songlia.no

Det blir nye dugnadar på Songli i 2021, i regi av Grytdalens venner.

Klesbyttedag

Vi måtte avlyse i 2020, men brukte Black Friday til å minne om grunnlaget for klesbyttedagene.

I innlegg i Sør Trøndelag

minte Oda Kringstad og Kine Tangvik Størdal oss om noe av grunnlaget:

«Å produsere klær krever enorme mengder vann, arealer og energi. Ei T-skjorte krever 1400 liter vann. Kjemikalier forurensrer drikkevann i produksjonslandene. Det anslås at klær alene står for 6,7 % av de globale menneskeskapte CO2-utslippene. I tillegg produseres det meste av klær under umenneskelige forhold til lønelønn på sweatshops i Asia.» «Ta heller et dyppdykk i ditt eget klesskap enn å kjøpe nytt på black friday.»

Black friday - den mørkeste dagen i året

Har du noen gang tenkt over hva den billige T-skjorta du kjøpte så spontant er laget av?

Grytdalen

Grytdalens venner og Naturvernforbundet tok nytt initiativ til fullt vern utan jakt i «kjerneområdet» i Grytdalen. Den kjende NRK-journalisten og politikaren Arne Nævra var med på å presentere initiativet like før samfunnet stengte ned våren 2020.

Kommunestyret har einstemmig støtta initiativet, og har bede Klima- og Miljødepartementet om å starte ein prosess med å få fullt dyrevern utan jakt i «kjerneområdet» i Grytdalen, som eit ledd i å etablere Grytdalen som eit nasjonalt referanseområde for biologisk mangfald og forskning.

Travbane på Fannrem

Regional travbane på Fannrem vil medføre tap av 100 mål flat, fulldyrka kornjord. Vi har uttalt oss mot denne nedbygginga i fleire rundar, i tråd med Naturvernforbundets plattform: «Dyrka og dyrkbar jord må haldast i hevd og bevarast for matproduksjon.» Vi fekk gjennomslag for betre vern av Skåggåbergshølen og kantskogen langs Orkla, men jordvernet er overkøyrd.



Foto: Per-Anders Robertsen

Norsk kylling fekk 140 mål kornjord på Furumoen, og Travet får 100 mål på Fannrem. Kva blir framtida for Orkland som jordbrukskommune? Ved flytting av jord tek det lang tid før ein får same kvalitet, og dei få områda som finst for jordflytting, bør bli prioriterte til prosjekt der det er vanskeleg å unngå alt tap av matjord, for eksempel ved E39-kryssing av dalen. No er det søkt om at jorda skal køyrast 26 km (!) til Storås, og ganske lett vint flytting, ved at berre det øvste topplaget blir flytta.

Snøskuter

Det er forslag om ny forskrift for snøskuter i Orkland. Det viktigaste er grensa for avstand frå veg til hytte for å kunne få løyve til å bruke snøskuter. Rådmannen foreslår 2 km, vi sendte høyringsuttale og bad om 2,5 km (som i dag), nokre vil ha 0 km, og det er kompromissforslag på 1 km. I skrivande stund er resultatet ikkje avklart. Vi er engstelege for den aukande skutertrafikken som vil koma med fjerning, eller sterk reduksjon av grensa for avstand.

Klage på skogsdrift




Foto: Kjetil Kroksæter

Vi har klaget til Fylkesmannen på kritikkverdigg skogsdrift. Over tid har det vært utført hogst som etterlater store sår i naturen.

I et tilfelle fortsatte skogsdriften gjennom våren og teleløysinga, med skrikende sår etter tunge maskiner. I liten grad utbedret.

Vi påpekte mange brudd på skogstandarden i vår klage. Befaring i 2021.

Nye verneområde

Sannsynleg at naturreservat

i Resdalen, snart blir vedteke. Vi arbeider for vernestatus for kjeler langs Orkla, og vil ta eit nytt initiativ for Gjølmesørene/ Råbygdsfjæra som naturreservat. Før kommunevalet 2019 sa samtlege parti i Orkland at dei ville stø eit nytt initiativ.

Hamn i Børsberga

Plan om industrihamn

med næringsareal i Børsberga, inntil Gaulosen verneområde, og eit populært fri-luftsområde. Det er korallrev i området, og eit aukande tal raudlista ærfugl. Vi har bede Statsforvaltaren stanse planane.

Graveskandale i Litjfjellet

Ein grunneigar tok kontakt om korleis arbeidet vart utført ved kabling i eit hyttefelt. Vi varsla NVE om dei store inn-grepa i myr og anna terreng, mellom anna ved bruk av stor 13 tonns gravemaskin.

NVE undersøkte, og i svar til oss skriv dei:

«Det synes å være stor enighet mellom grunneier, kommune, nettselskapet og entreprenør om at det i denne saken er gjort vesentlige feil i gjennomføringen av arbeidene i de aktuelle myrområdene, og dette har gitt skader på vegetasjon og terreng.»



Foto: Stina Elshaug

«NVE planlegger i denne saken å ha jevnlig kontakt med Tensio for å forsikre oss om at videre arbeid i saken følger gjeldende regelverk og utføres i samsvar med beste praksis.»

Beverjakt på høyring

Vi gjekk mot generell jakt, og bad om at forvalting skjer gjennom eventuell skadefelling.

Dersom det blir opna for jakt, foreslo vi:

- Heile Orkla (200 meter ut frå sidene) bør bli totalfreda, som ein kjernebestand for beveren. Det er lite eller ingen konflikt i dette området. Dersom det skulle oppstå vesentleg skade, er det mogleg å søkje om jakt på enkeltindivid.
- Freding av beverdammar i perioden april - juni (avhengige ungar), dersom inngangen til beverhytta er avhengig av dammen
- Det bør ikkje vera vårjakt i perioden 1. januar til 30.04. I det minste bør jakta bli avslutta 14 dagar før nasjonal tid; 30.04. (Drektige hodyr om våren og fødsel i slutten av april/ starten av mai).



Foto: Steve Halsetrønning



Vardetenning mot vindkraft

8. oktober var det tente vardar mot vindkraft i norsk natur, 250 stadar over heile landet.

I vår region var det vardar på Raudhåmmaren, Hartinnan i Heim og ved Berkåk.

Her frå Raudhåmmaren, rett opp for Orkanger, som vi arrangerte.

Plastsøppel

2018 skreiv vi til alle kommunane i Orkdalsregionen, og bad om felles plan mot plastforsøpling. Det vart godt motteke, og Orkdalsregionen starta arbeidet. Det har teke litt tid, men no er planen vedteke, som ein av landets første regionplanar mot plastforsøpling !

Vi deltok på regionens «workshop» om plastplan 10. september 2020. Planen har mellom anna tiltak mot landbruksplast på avvege. Kampanje for tilbakevending til flatsilo/ høgsilo i staden for rundballe.



Orkland kommuneplan

Orkland kommune har vedteke samfunnsdelen, der vi hadde nokre innspel. Fekk gjennomslag for noko, men når det gjeld «tilbakeregulering» av store område som er sett av til vindkraft og fleire hytter, vart det vist til at det blir tema for kommuneplanens arealdel, som blir behandla i 2021.

Vi håper mange organisasjonar kan stå saman om vern av viktige natur, myr og matjord.

Proessen rundt tilbod om areal til ein batterifabrikk var ikkje lovande når det gjeld ansvar for myr, annan natur og dyrka mark.

Oppdrett

Naturvernforbundet i Trøndelag og Norske Lakseelver ber kommunane krevje biologisk nullutslepp ved nye konsesjonar og stor endring i gamle.

Arbeidsplan

Sjølv med korona har vi i stor grad klart å følgje arbeidsplanen for 2020, men vi har i liten grad fått arbeid med forureininga i Løkken gruver. Dette må på planen for 2021.

Forslag til prioriteringar 2021

- Gruveforureining
- Klesbyttedag
- Snøskuter
- Grytdalen og Songli
- Vindkraft
- Myr, naturområde, matjord
- Kroksjøar og vern
- Vern av Råbygdsfjæra
- Søppel - plukkedag
- Klima og energi

Styret; 2020: Mads Løkeland (leiar), Gjertrud Berg, Steve Halsetrønning, Terje Staveli, Livar Ramvik, Kjetil Kroksæter, Kine Tangvik Størdal. Va ra Oda Kringstad og Johan Randahl.

Johan Randahl : Styret i Songli eigedom

Mads Løkeland: Fylkesstyret, Jordvern Trøndelag

Nettside og Facebook:

<https://naturvernforbundet.no/trondelag/orklaregionen/category1502.html>

<https://www.facebook.com/naturvernforbundet.orklaregionen/>

Prega av Korona, har mykje skjedd på epost, men det har vore 4 styremøte, og deltaking på befarung og «workshop».